

SKATTEN

TEKST: Asbjørn Rydland • ILLUSTRASJON: Johanne Eikå Bergill



Djupt under fjellet ligg det ein skatt.
Mange har prøvd å finna han.
Ingen har greidd det.

«Det er ingenting der», seier dei.
«Du får det aldri til.»
Men Mara vil prøva seg likevel.

Vegen er lang og farleg,
men ho kan følgja spora
til dei som gjekk før ho.

Mara finn eit sverd og ei lykt.
Med dei finn ho vegen under fjellet.
Det er mørkt og kaldt der nede,
men til slutt finn ho hallen til trollmannen.
Ho festar grepet om sverdet og opnar døra ...

Det er mange rom der inne:
Kjøkken, soverom, bibliotek og festsal.

Men skattkammeret er tomt,
og alt av gull og rikdom borte.

Då Mara kjem heim igjen, ler dei av ho.
«Det var det vi sa!
Du fann ingen skatt.»
«Jau, det gjorde eg», svarer Mara.
Ho kikkar ned i sekken sin og smiler.

Slike bøker har ingen her sett før.